

# Fitjar Kyrkjeblad

nr. 2 – mars 2015 – 38. årgang



**Tårnagentar:** Kasper S. Fitjar og Elisabet R. Sæbø



Kyrkjekontoret  
postboks 10,  
5418 Fitjar

telefon: 53 45 85 00  
fax: 53 45 85 31  
e-post: [kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

**Kontortider:**

tysdag - torsdag - fredag  
kl.10:00 - 14:00  
onsdag kl.12:00 - 15:00

**Kyrkjeverje**

Rydland, Harald 913 47 802  
[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

**Sokneprest**

Oma, Olav J. 906 38 825  
[olom@fitjar.kommune.no](mailto:olom@fitjar.kommune.no)

Kyrkjelydspedagog/kyrkjetenar  
Brenne, Birgitte D. 971 29 569  
[bibr@fitjar.kommune.no](mailto:bibr@fitjar.kommune.no)

Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar  
Skumsnes, Kristian 992 23 972

**Fellesrådsleiar:**

Fitjar, Rasmus 918 24 158

**Soknerådsleiar:**  
Aarskog, Torunn 404 04 146

Soknerådsbarnehage Styrar  
Aarskog, Torunn 404 04 146  
kontor 53 22 26 00  
[bakken.barnehage@haugnett.no](mailto:bakken.barnehage@haugnett.no)

Konfirmantlærarar  
Nina & Johannes Olsen 913 61 574  
[niol@fitjar.kommune.no](mailto:niol@fitjar.kommune.no)

Gåver til kyrkjelydsarbeidet  
kontonr. 3546. 29. 05805

Fitjar kyrkjeblad  
kontonr. 3546. 30.13568

Gåver til nytt orgel  
kontonr. 3520.64.83812

# Det er påsketid

Bli med inn i påskeforteljinga gjennom diktet som Ronald Fangen skreiv i desember 1940, medan han sat fengsla hos nazistane.

**Olav J. Oma**



## PASJON

Du sviktet aldri, Herre Krist, — du sviktet ei, —  
selv når ditt svar på all min bønn var nei og nei.  
For når jeg skalv i uro, angst, og gråt i nød,  
da kom du med din fred, kjøpt i din død.

Ja, Herre, det var godt i nattens spente gru  
å se ditt kors. Å, brystet åndet ut: det var jo du  
som en gang gråt og svedet angstens sved, —  
og det var du som bad om skåsel da du led.

Å, Herre Jesus, det var du som ble forrådt,  
med torner kronet, narrekledt og blodig slått.  
Og da de naglet deg til korsets, skammens tre,  
da var du bare avmakt, kval og ynk å se.

Da spottet de og ropte: Frelser, frels deg selv!  
Forlat ditt kors! Krev hjelp fra dette sorte himmelhvelv!  
Men da, i mørkefyrstens avgrunnsdype natt,  
var du, Guds egen sønn, av Gud forlatt.

Da var du gitt den stengte himmels verden helt til pris.  
Men enda lovet du en røver åpen vei til Paradis.  
Og kongelig befridd for hevnens tørst og nag og had,  
var det i dødens stund for bødlene du bad.

Du frelsesfyrste, konge, til korset naglet fast, —  
å, aldri seiret livet slik som da ditt hjerte brast.  
Da skalv de, mørkemaktene, rádløst, i avmakts gys, —  
hvor skulde de vel skjule seg for påskemorgens lys?

Ja, når mitt spente, pinte sinn ser deg i nattens nød -  
da viker angsten for den fred du kjøpte i din død.  
Da vet jeg at det er en Gud, og at han er min far.  
Om han er skjult, så er han nær. Og jeg skal få hans svar.

Du Herre, er det sikre pant. Du er det klare bud  
fra ham som ingen her kan se: den lysomspente, skjulte Gud.  
Deg ser vi, Herre. Og jeg vet: ved slutten av min vei,  
når dette hjertes uro dør, — da skal jeg møte deg.



Foto: Anne Hardeland

# Kyrkjevalet 2015

Det er kyrkjeval til hausten. Samtidig med kommunevalet 14. september er det val av nytt sokneråd for dei neste fire åra. Førehandsrøystinga skjer og samtidig med røystinga i kommunen. I kyrkja må ein vera fylt 15 år eller fylla 15 år i løpet av hausten for å røysta.

Valnemnda er i gang og spør etter kandidatar til soknerådslista.

Vi treng menneske i alle aldrar, og veit du om gode kandidatar er det berre å ta kontakt med nokon i valnemda og foreslå dei. Valnemnda består av Vigdis Aarre Olsen, Wenche Andersen Helland, Lovise Vestbøstad, Sindre Aarbø og Sonja Pedersen.

Av saker som det alt er godt arbeid i gang med, men som og kjem til å prega deler av neste periode er 150 års jubileet til kyrkja, nytt kyrkjeorgel, men og korleis skal kyrkja organiserast i framtida.

Bli med og gje kyrkja eit godt råd!

## Redaksjonelt

### "Fitjar Kyrkjeblad"

er Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad.

### Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset  
postboks 10, 5418 Fitjar

### Redaksjon:

Olav J. Oma (red.)  
Karvel Strømme  
Torill Hartvedt  
Anne Hardeland  
Rolf-Atle Rolfsnes  
Torbjørn Hovland

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet  
gir høve til skattefradrag.

**Frist for innlevering til neste blad er 17. april.  
til [kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)**

### Neste blad

kommer etter planen 29. april. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkommen til å senda det til oss.

**Trykk: Prosjektkopi vest**

**Galleri Flora as**

Åpningsstider:

Måndag - onsdag	..... 09.00 - 16.30
Torsdag - fredag	..... 09.00 - 18.00
Lørdag	..... 09.00 - 15.00

Midi i Lærsenbygget, Fitjar sentrum  
Tlf: 53 49 95 00

**Blomster - Gaver - Gravminner**

# Kode B



## T: Birgitte D. Brenne, F: Sunniva M. Oma

Dette er eit tiltak for dei som vert 12 år dette året. Det er ei slags fortsetjing til Lys vaken, der dei skal komme nærmare inn på Bibelen og nokre forteljingar der. 2 guitar og 4 jenter, samt kyrkjelydspedagogen, var samla fire gonger.

Godt samarbeid med Torsdagsklubben på bedehuset, gjorde at borna fekk ta del i både

eigne små grupper og leikar og aktivitetar med born på same alder som dei.

Etter den fjerde samlinga, var dei med på gudsteneste og hjalp til med tekstlesing, nattverden, dåpshandlinga og bøner. Det var kjekt å vere samla dei fire gongene, og både pedagog og born kunne gjerne hatt minst fire gonger til!

## Komande arrangement

### Bornas påskefest:

Tiltaket vert arrangert 19. april. Då er det dei som vert 6 år i år sin tur. Dei er invitert til kyrkje for å vere med i ein hemmeleg klubb under preika. Gudstenesta vert full av liv med deltaking av barnegospelen. Dei kan og melde seg på til eit måltid etter gudsteneste med heile familien sin. Her vil ein og ha eit nytt møte i den hemmelege klubben.

### På sporet av Jesus:

Tenker du på om du skal vere konfirmant til neste år? Då kan du få ein liten smakebit av det å vere på gudsteneste saman med andre på din alder og å gjere noko saman etter gudstensta. Dei som vert 14 år i år vert invitert til dette tiltaket. Meir informasjon kjem i invitasjonen. Om du ikkje får invitasjon, og ynskjer å vere med, ta kontakt med kyrjekontoret. Dette vert òg 19. april.

For alle trusopplæringstiltak: Følg med på nettsida til kyrkja for informasjon om påmelding.

<http://www.kyrkja.no/fitjar>

# Tårnagent



*Josef og Maria på flukt.*

*Foto: Markus Vik*

## Birgitte D. Brenne, F: Markus Vik

Samlinga laurdag 7. mars med 21 tårnagentar, var livlig og veldig kjekk. Borna oppdaga kyrkja, skattar i kyrkja, mysteriet i tårn og loft, og dei øvde på dramastykket som dei framførte som ein del av preika på gudstenesta søndag.

Dei deltok og med sprudlande song, og fekk boka "Skatten i Liljedal". Boka er ein del av trusopplæringspakken i Fitjar kyrkje. Det er ei spanande bok om born på deira eigen alder, som og er på skattejakt. Me håpar dei kosar seg med den framover.



*I klokketårnet*

*Foto:  
Lovise Vestbøstad*

# Min salme - Ole Christian Ottestad



**Heilt frå han kom til Fitjar i 1987 har Ole Christian Ottestad vore ein sentral person i musikklivet i bygda.**

#### T: Anne Hardeland - F: Torbjørn Hovland

Først som dirigent for Fitjar Musikklag, deretter to periodar som dirigent i Fitjar skulekorps, og no som primus motor for Osternes Mannskor. Koret er ein viktig aktør i musikklivet i Fitjar, ikkje minst gjennom Ole Christian sin innsats og entusiasme. Me fekk ein prat med han for å høyra litt om dette, og om han har ein spesiell salme han er glad i.

Si musikkinteresse fekk han på Raufoss der han vaks opp. Og vegen gjekk gjennom skulekorps og gardemusikk før han kom til Vestlandet og divisjonsmusikken. Like etter fullført utdanning i Bergen fekk han jobb hos Vik og Sandvik og flytta til Fitjar.

Det er vanskeleg å halda fram ein spesiell salme, synest han. Det finst så mykje godt og vakkert å velja i. Gjennom si danske mor er han blitt glad i Carl Nielsen sine salmemelodiar, og han set også pris på dei norske komponistane Egil Hovland og Knut Nystedt. Sistnemnde sitt

korarrangement av "Jesus, din søte forening å smoke" er noko av det finaste koret har sunge i hans tid som dirigent, meiner han.

Men i dag har han valgt ein salme som koret song på salmeturen til Trondheim: «Gud signe vårt folk der dei sigler og ror». «Det er vanlegvis først melodien som fengjer meg», seier han, «men så viser det seg ofte at det også er ein fin tekst». Ole Christian teiknar til dagleg båtar, og mellom anna verselina « Sitt levebrød har dei på brusande hav, med berre ei fjøl mellom seg og si grav» gjer sterkt inntrykk på han. Det viser kor lite me har å stola på, av og til berre ei 'fjøl'. Og det seier noko om sårbarhet og kystfolket sine tøffe kår. Det er ein kraftig og god tekst med ein vakker og vemodig norsk folketone.

Ole Christian er glad i dei gamle folketonane og salmane, «men me må ikkje vera så opptekne av det gamle at me ikkje kan fornya oss», meiner han. Og han synest det er fint å vera med på å få det nye ut, t.d. gjennom salmekvelden som mannskoret nyleg var med på. «Det er fint at dei har teke med mange av dei gamle folketonane i den nye salmeboka og».

Mannskoret har ei stor evne til omstilling og å ta utfordringar på strak arm, og det rosar han dei for. Det krev ulike teknikkar om dei skal syngja firstemte songar, unison salmesong eller framføra kabarétar, og dette jobbar dei kontinuerleg med. Klangen er alltid viktig, og i salmesong er dei opptekne av å få fram den store, runde «katedralklangen». Det står i statuttane deira at dei skal fremja religiøs musikk, og det er alltid ein del av repertoaret. Samstundes har også medlemene dei siste åra fått vist andre, og for mange kanskje overraskande, sider av seg sjølv i dei flotte kabarétane dei har glede oss med.

Dette har vore ei vitamininnsprøyting for koret. Her har Svein Tørnquist vore sterkt medverkande med arrangement og inspirasjon. Han er også med koret som pianist på alle øvingar. Ole Christian synest det er moro å skapa noko som andre kan ha glede av. Han oppmodar fleire, unge som gamle, til å bli med i koret, og presiserer at ein ikkje må vera notekyndig for å syngja der.

Salmeturen til Trondheim vil han trekkja fram som eit høgdepunkt for koret. Det vart eit minne for livet. Godt fellesskap, eit spennande arrangement frå NRK si side, og kjekt at dei fekk slik respons. Det var lange køar for å komma inn i kyrkja, om ikkje nett når mannskoret skulle syngja, grytidleg om morgonen. Det var fint å få gå opp og syngja på TV: « Gud signe vårt folk der dei sigler og ror».

I tillegg til sin innsats som dirigent for Osternes Mannskor er Ole Christian også med i bandet Ad Hoc, som ofte er med på arrangement i bygda, og som har hatt sine eigne temakveldar. Han spelar i storband og er med som musikar i andre samanhengar. Han er imponert over kulturlivet i Fitjar. Det er flott at det kan spira og gro slik i bygda. For dei yngste har me både barnegospel og skulekorps, men han ønskjer seg også meir korverksemd for alle aldrar, og han meiner det er eit stort rekrutteringsgrunnlag her. Han vonar det betrar seg når det kjem kantor til bygda.

Ole Christian har vore ein stor ressurs for musikklivet i bygda gjennom bortimot 30 år og har gitt oss glede og vakre musikkopplevelingar. Han tek gjerne eit tak der det trengst musikalske krefter, og dette er me svært takksame for. Me ser fram til vidare møte med han både med saxofonen og med mannskoret. Til hausten blir det ny kabaré!



Gud signe vårt folk der dei sigler og ror  
og blåmyri pløyar i sud og i nord.

Di hand må dei vara  
som ute skal fara!

Dei strevar og balar på skip og i båt,  
Gud vere i storm og i stilla attåt.

Sitt levebrød har dei på brusande hav,  
med berre ei fjøl mellom seg og si grav.

I stormver og fåre  
forkomne og klåre,  
dei har ikkje mykje å tryggja seg til.  
Gud Fader, du styrkja og trøysta dei vil!

Når bårene bryt over holmar og skjer  
og stormen og straumen mot fallgarden ber,  
du båten må venda  
og berging dei senda,  
så leii dei finn mellom fluer og fall,  
og inn gjennom skjergarden kjem dit dei skal!

Men lid det mot kvelden og natti kjem på  
og brotsjøen veks og vil over dei slå,  
Gud hjelpe dei i nåde  
og frels dei frå våde,  
ver lyset i mørkret og styr deira stamn,  
og før deira båt til den fredfulle hamn!

Gud frelse vårt folk frå det stormande hav,  
der mange av våre har funne si grav.  
Til havs har dei fare,  
så fager ein skare,  
dei kviler der ute, men vaknar ein gong  
og stemner frå havet til himlen med song.

Gud gjeve oss alle det landet å nå,  
der me våre kjære skal atter få sjå.  
Gud såg kvar dei kvilde,  
han samlar dei skilde  
og aldri me meir skal til havs leggja ut,  
for havet og døden for evig er slutt.

Nytt kor i bygda:

# Fitjar Ungdomskor



«Blessed be your name».... Basskompet får vindaugo til å klikke i bedehuskjellaren.

### Torbjørn Hovland

Det er fredag kveld, og Fitjar Ungdomskor har øving. Koret starta opp hausten 2014 under leiing av Karen Marie Sætre og er ope for ungdom frå 7.klasse og oppover.

Her er det høg trivselfaktor og alle i aldersgruppa er velkomne. Dei er særleg glade for å få fleire musikarar og teknikarar,

så dersom du vil lære litt om lydteknikk finn du mangfaldig utstyr og utfordringar her.

Koret er også godkjent som ein del av konfirmantopplæringa, på same måte som KRIK. Etter korøving glir kvelden over i Tentreff med pizza og ulike aktivitetar.

Så kjem ein ny song : «Lord I lift Your name on high». Potteplantene raslar taktfast i vinduskarmane og ungdomtilbodet har fått ein frisk tilvekst.

### Misjonssamling

i Øvrebygda bedehus  
laurdag 18. april kl. 15.00

Ola og Margunn Ersland syner ljusbilete og fortel frå ein tur til Kamerun

Song og musikk  
Kaffistund og offer til misjonsarbeidet

Dette er ei samling for heile prestegjeldet, og alle er varmt velkomne!

Fitjar fellesforening for NMS

### Sommarvikar på kyrkjegarden

Me treng sommarvikarar på kyrkjegarden i tida 10. juni – 15. august.

Dei som vert tilsett må vera over 16 år og snakka norsk.

Interesserte kan senda søknad til: [kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no) innan 20.april.

Ta med i søknaden kva tid du har høve til å arbeide gjennom sommaren.

Nærare opplysningar kan ein få hos kyrkjeverje Harald Rydland, tlf. 913 47 802

# Program for bedehusa

## FITJAR BEDEHUS

- |            |           |                         |
|------------|-----------|-------------------------|
| 10.03.     | kl. 17.00 | Palmesøndagstrekk       |
| 02.04.     | kl. 19.30 | Nattverdmøte            |
| 05.04.     | kl. 19.30 | 1.påskedagsmøte         |
| 12.04.     | kl. 19.30 | Søndagsmøte m/forbøn    |
| 15.-19.04. | kl. 19.30 | Møteveke Finn A. Lauvås |
| 26.04.     | kl. 17.00 | Storsamling             |
| 29.04.     |           | Vårbasar                |

Sjå på meir [www.fitjar-bedehus.no](http://www.fitjar-bedehus.no)

## ØVREBYGDA BEDEHUS

- |        |           |                              |
|--------|-----------|------------------------------|
| 18.04. | kl. 15.00 | Misjonssamling (sjå annonse) |
|--------|-----------|------------------------------|

## STRANDA BEDEHUS

- |        |           |  |
|--------|-----------|--|
| 25.04. | kl. 16.00 | Basar NMS, Tale og song<br>ved Håkon C. Hartvedt |
| 14.05. | kl. 11.00 | Venestemne - Roald Evensen<br>Matøkt mellom møta |

## Nytt frå soknerådet

### Torunn K. Aarskog, soknerådsleiar

Sidan nyttår har vi arrangert 3 kyrkjemiddagar i forkant av barnekorøving på bedehuset. Då har vi vore 60-80 personar som har vore samla for å nyta god middag laga av elevbedrifta på Fitjar vidaregåande skule. Godt fellesskap og god mat har vore eit blinkskot! Det vert ikkje fleire middagar no i vår, men vi satsar på å fortsetja samarbeidet til hausten!

Eg har og lyst å nemna kveldsbøn i kyrkja ein torsdagskveld i månaden. Det er godt å oppleva stillheita og freden i kyrkja ei slik kveldstund. Dette bør du oppleva! Du er hjartelag velkommen!

Vi har invitert til Alpha-gruppe for fitjarbuar av utanlandske opphav nokre måndagskveldar no i vår. Små gruppessamvær er viktige for den einskilde, så dette vil vi fortsetja med utover våren. Og så reknar vi med å arrangera nytt ordinært Alpha-kurs hausten/vinteren 2015/16.

Seminardagen med Rolf Gunnar Heitmann blei ein interessant dag der viktige tema vart belyst. Den første bibeltimen hadde overskrifta: Israel, utvald til kva? Var utvelginga eit privilegium? Ei gáve eller oppgáve? Betinga eller ubetinga? Tidsbestemt eller evig? Fysisk eller åndeleg? Dette var spørsmål som vart drøfta. Den andre bibeltimen hadde temaet: Israel og folka i Guds store plan. Her var det sentrale bibelavsnittet Rom. 9-11 der vi les om at Paulus alltid forkynte for jødane først.

Gode gudstenester, salmekveld og temakveldar- vi føler oss berika! Kom og få nokre med deg på gudsteneste i påskehelga!



Rolf Gunnar Heitmann

Foto: Torbjørn Hovland

Sist men ikkje minst – hugs påmelding til kyrkjelydsweekenden på Helgatun 10.-12. april ! Ta kontakt med kyrkjecontoret viss du/de ynskjer å vera med!

Temakveldar i Fitjar kyrkje våren 2015

26. mars 19.30  
Konsert med  
Runar Gudmundsson,  
Veslemey Fluge Berg,  
Tone Christin Lium og  
Irene Simonsen

23. april 19.30  
Salmekveld med  
Sanctus

Temakveldgruppa  
Fitjar sokneshed



**EL-PROFFEN**

[www.los-elektro.no](http://www.los-elektro.no)  
firmapost@los-elektro.no  
53 42 21 00



**J. FJELDTVEDT AS**

DØR & VINDUSFABRIKK

Tlf.: 53 45 89 70 - Fax: 53 45 89 80

Internett: [www.mestervindu.no](http://www.mestervindu.no)

[www.veterinaerslettebo.no](http://www.veterinaerslettebo.no)



Ring for timebestilling  
53 22 23 30 /  
92 22 31 47

Åpningstider:  
man-tor: 9.00-16.00  
tir: 18.00-20.00



VETERINÆR SLETTEBO AS



**GSE SANDVIK AS**

55 60 18 20



95871570 HANS



Vakkermøn til en trivelig handel på Fitjar



lyd og bilde - telefoni - kvitevarer - møbler - gaveartikler mm.  
53 49 73 07  
53 49 73 09

[www.rydland.as](http://www.rydland.as)

post@rydland.as

**FITJAR  
SJØ OG CAMPING**

Din Catering leverandør

Telefon:  
41 42 80 38 (Randi)

E-post:  
[fitjarcamping@haugnett.no](mailto:fitjarcamping@haugnett.no)



No kan du bestille time på nett:  
[www.ledigtime.no](http://www.ledigtime.no)

**OPNINGSTIDER:**  
Man-tys-fre: ..... 9-16  
Ons-tor: ..... 9-18  
Laurdag: ..... 10-14

Tlf. 53 49 79 72



**OPNINGSTIDER:**  
Män,tirs,fre..... 9-16  
Ons,tors..... 9-18  
Laur (kun drop-in) .. 10-13

Fiks frisyren  
hos oss!

Treff oss f 2. etg  
i Larsen bygget

For timebestilling ring:  
**53 49 78 90**

**AARBO & KORSVIK  
FORSKALING**

TLF:  
916 46 123



**GRØNAVIKJO UTVIKLING AS**

Vestbøstad - 5419 Fitjar

90 12 02 81



[WWW.FITJARSOAP.NO](http://WWW.FITJARSOAP.NO)

TELEFON: 41 27 03 21  
POSTBOKS 11, 5418 FITJAR  
FITJARSJØEN 12, 5419 FITJAR



**STEINGARD AS**

Postboks 11, 5418 FITJAR  
Telefon 916 67961



Sjøtroll Havbruk AS  
Vestbøstad - 5419 Fitjar  
919 11 800

**Vesthaugane**

[www.rasmusfitjar.no](http://www.rasmusfitjar.no)  
Telefon: 53 49 74 34 - 91 82 41 58



Mobilnr:  
975 02381



Visningssenter  
Mobilnr: 951 89950

# Fitjar-Posten

E-POST: tips@fitjarposten.no - MOB: 481 51 491

[www.fitjarposten.no](http://www.fitjarposten.no)



53 45 72 00

53457220  
(fax)

Fitjar Mekaniske Verksted AS



FITJAR

smöböt & fritidsservice

- Me kan fritid

Årskog, 5419 Fitjar 944 30 500 <http://www.fitjarbest.no>



## Ole Kvernenes Båtbyggeri A/S

NYBYGG –  
REPARASJONAR –  
MONTERING.  
**Tlf. 534 97187 – 5419 Fitjar**  
SLIPP INNTIL 80 FOT

# SPAR



Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



Sko – Gåver – Leiken

Kom: Norsk Tipping  
Rikstoto

Tlf. 53 49 71 61

## Videoen Kiosk



Fitjar  
FJORDHOTELL

Tlf. 53 45 77 00

## Vågen's kro



48 04 19 09

## Engevik & Tislevoll a.s

Byggmester og Entreprenorfirma

Tlf. 53457300. Fax. 53457310

## REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50



## Aarskog Elektro

AUT. ELEKTROENTREPENOR – 5419 FITJAR.  
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

## ODDVAR VOLDEN

Transport – Kraning

5419 Fitjar

**Tlf. 53497466 – mob 908 42414**




## AUTO SERVICE AS

Tlf. 53 49 71 21

Godkjend bilverkstad EØS-kontrollar

Kirkens SOS



## SparebankenVest

- satsar på Vestlandet

Avd. Fitjar – Tlf. 0555

## Husflidskrona

Tlf: 53 49 79 60

Visjonen til Bjørgvin bispedøme er: Saman vil vi være Den treeinige Gud ved å forkynne Kristus, bygge kyrkjelydar og fremje rettferd.



## Døypte

### 15. mars

Tilde Malkenes Joddal  
Lars Hamre Sørhaug



## Jordfeste

### Solveig Olivia Skumsnes

f: 14.12.1917 – d: 31.01.2015

### Johannes M. Rimmereide

f: 01.01.1928 – d: 26.02.2015

### Rigmor Stokken

f: 30.06.1950 – d: 02.02.2015

### Else Mohn Bukkholm

f: 01.08.1926 – d: 26.02.2015

### Arne Røyrøy

f: 10.02.1933 – d: 22.02.2015

### Anna Stokken

f: 16.01.1923 – d: 05.03.2015

### Helge Mindor Aasø

f: 28.10.1947 – d: 24.02.2015

### Edgar Urdshals

f: 24.05.1930 – d: 15.03.2015

### Gudstenesteliste:

29.03	Palmesøndag	11.00 Fitjar kyrkje, hovudgudsteneste, ved Svein Bjarne Aase, takkoffer til Acta
02.04	Skjærtorsdag	11.00 Fitjar kyrkje, hovudgudsteneste med nattverd, ved sokneprest Olav J. Oma, takkoffer Stefanusalliansen
02.04	Skjærtorsdag	18.00 Øvrebygda bedehus, nattverdsgudsteneste, ved sokneprest Olav J. Oma, takkoffer Øvrebygda bedehus
03.04	Langfredag	11.00 Fitjar kyrkje, Langfredagsgudsteneste ved sokneprest Olav J. Oma.
05.04	Påskedag	11.00 Fitjar kyrkje, hovudgudsteneste, ved sokneprest Olav J. Oma, takkoffer Bridgebuilders Den Norske Israelsmisjon
06.04	2. påskedag	11.00 Dåfjorden, hovudgudsteneste, ved sokneprest Olav J. Oma, takkoffer Dåfjord bedehus
12.04	2. s. i påsketida	09.30 Helgatun ikkje gudsteneste på Fitjar
19.04	3. s. i påsketida	11.00 Fitjar kyrkje, familiegudsteneste, Bornas påskefest ved sokneprest Olav J. Oma, takkoffer til Barnegospel.
23.04	torsdag	1930 Fitjar kyrkje, Temakveld Salmekveld
26.05	4. s. i påsketida	11.00 Fitjar kyrkje, hovedgudsteneste Fitjar, ved vikar, takkoffer til IKO
30.04	torsdag	20.00 Fitjar kyrkje, kveldsbøn
03.05	5. s. i påsketida	11.00 Fitjar kyrkje, hovudgudsteneste, ved sokneprest Olav J. Oma, takkoffer til Laget
06.05	Onsdag	18.00 Fitjar kyrkje, samtalegudsteneste, ved sokneprest Olav J. Oma m fl. Konfirmantfest etter gudstenesta.
09.05	Laurdag	11.00 Fitjar kyrkje, konfirmasjonsgudsteneste, ved sokneprest Olav J. Oma m fl., takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
09.05	Laurdag	13.00 Fitjar kyrkje, konfirmasjonsgudsteneste, ved sokneprest Olav J. Oma m fl., takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
10.05	6 s. i påsketida	11.00 Fitjar kyrkje, konfirmasjonsgudsteneste, ved sokneprest Olav J. Oma m fl., takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
14.05	Kristi himmelfartsdag	Venestemne Stranda bedehus
17.05	17.mai	Fitjar kyrkje, familiegudsteneste, ved sokneprest Olav J. Oma m fl., takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.